

FEDJE KOMMUNE  
Stormarkvegen 49  
5947 FEDJE

---

Dato	08.03.2023
Vår referanse	2022/4315-72
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Kari Skibenes
E-post	Kari.Skibenes@vlfk.no
Telefon	48990341

## Forpliktande samtykke til å lyse ut konkurranse om bibliotektransport på vegner av kommunen

Vestland fylkeskommune er no i startfasen av ein innkjøpsprosess for bibliotektransport. Vi har i dag ein avtale med NBT der fylkeskommunen, dei fleste kommunane, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen og nokre vgs-bibliotek får transporttenester ein eller fleire ganger i veka. Denne avtalen er inne i siste avtaleår, og offentlege innkjøpsreglar gjer at vi no må lyse ut ein ny konkurranse.

Vi treng samtykke for å gjennomføre ein innkjøpsprosess på vegner av kommunen.

Fedje folkebibliotek har i dag ein tilpassa løysing der Posten er underleverandør, og kan sende ein kasse i veka. For dette betaler de 11 400 kroner for siste avtaleår. Prisstiginga det siste året gir grunn til å tru at vi også denne gangen må vente ei markant prisauke.

### Ønsker kommunen å vere med i innkjøpskonkurransen, og er dagens løysing tilfredsstillande?

Alternativet med besøk på staden ein gong i veka, vil eventuelt innebere ei ekstra prisauke for Fedje kommune. (Dei minste biblioteka med besøk på staden betaler 16 000 kroner for siste avtaleår i noverande avtale.) Vi ber om at de vurderer dette både ut frå behov og ei venta prisauke, slik at vi ikkje treng fleire runder med innhenting av samtykke når prisen ligg føre.

Vi treng eit **bindande svar** frå alle som vil vere med i innkjøpskonkurransen **innan 14. april 2023**.

Om noko er uklart, eller de treng meir informasjon, kan de kontakte underteikna.

Med helsing

**Kari Skibenes**  
seniorrådgjevar  
KFO - Bibliotekutvikling

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*